



VANG KOMMUNE

Rådmannskontoret

NVE

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Vår dato:

TVEANN-2018000443 - K2 - S80
6

18.09.2018

NVE 201801666-33 Innspill til Nasjonal ramme for vindkraft

Formannskapet har i møte 06.09.2018, 042/18, fatta følgjande vedtak. Sjå vedlagt sak.

Med helsing

Anne Kari Tveit Søndrol

Saksbehandlar

Dir. tlf.: 61369410

E-post: anne.kari.tveit.sondrol@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
042/18	Formannskapet	06.09.2018

Uttale frå Valdres - nasjonal ramme for vindkraft på land

Vedlegg:


24.07.2018	Innspel til nasjonal ramme for vindkraft på land	124213
21.06.2018	201801666-9Nasjonal ramme for vindkraft på land - Lokale og regionale innspill	122989

Saksopplysningar:


NVE har fått i oppdrag av OED å identifisere dei mest egna områda for vindkraft på land. Områda skal veljast med utgangspunkt i vindressurs og nettkapasitet og vektast mot andre viktige miljø- og samfunnsomsyn.

Arbeidet skal liggje til grunn for ei nasjonal ramme, som OED så vil leggje ut på høyring. NVE si frist for å levere til departementet er 1.3.2019. Dei ynskjer nå medverknad, og har henvendt seg til landets kommuner, regioner og fylkesmannsembeter. Dei etterspør innspel av viktig regional interesse. Dei preiserer at informasjonen skal vere fagleg (andre omsyn blir først innhenta når saka blir lagt på høyring).


Figur 1 syner at delar område 6 har noko areal frå Nord-Aurdal og Sør-Aurdal. Vang utgjør størstedelen av område 7, men også mindre deler av Vestre Slidre er med, og nordlege delar av Øystre Slidre er i område 8.




Figur 1: Analyseområda 6, 7 og 8 rår Valdreskommunane Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre, Øystre Slidre og Vang.



Figur 2: Analyseområde 6, kor nord-austlege deler er i Nord-Aurdal og Sør-Aurdal.



Figur 3: Analyseområde 7, kor Vang utgjer ein stor del, Vestre Slidre er med i sør-aust.



Figur 4: Analyseområde 8, kor Øystre Slidre er med i sør-vest.

Innspelssaka frå NVE om nasjonal ramme for vindkraft vart drøfta i regiostyret for Valdres 29.august. Det kom her fram at dei fleste av dei 6 Valdreskommunane vil gje eigne innspel i saka. Det var semje om at vindkraft i utgangspunktet harmonerer svært dårleg med satsinga Valdreskommunane gjer gjennom mangeårig satsing gjennom Valdres Natur- og kulturpark(VNK). I avtalen om VNK 2017-27 kan det peikast på følgjande.

«Verdigrunnlag: Utviklinga i Valdres skal ha sosial, miljømessig og kulturell berekraft. Utviklinga skal vere bygd på dei natur- og kulturverdiane som Valdres har.» Og frå:

«Overordna strategier, felles for alle innsatsområde:

.....

Valdres skal ta vare på natur- og kulturkvalitetar som grunnlag for identitet, busetting, rekreasjon, attraksjon og næringsverksemd.»

Vurdering:

Område 6

Kommunane har ikkje fullført si kartlegging og verdsetting av friluftslivsområda sine.

Område 7

Vang kommune har ei satsning på kultur- og naturbasert reiseliv. Vang kommune sitt store satsningsområde for hytter og næring knytt til dette er på Tyinkrysset. Ein stor del av verdien til dette området er utmarka med fjell, natur og friluftslivsmogelegheitene denne ressursen gjer. Sjå vedlagt uttale frå Tyin-Filefjell Hytteforum.

Vang kommune har store friluftslivsområder, og desse er kartlagt og verdisatt. Store deler av analyseområdet rører ved «Svært viktig» friluftslivsområder. Store deler av området er også så nært Jotunheimen nasjonalpark, at ein ev. vindmøllepark her vil utgjere ein visuell forstyrring frå parken.

Store delar av Vang kommune nyttast som beitemark for tamrein. Områdene nord for Vangsmjøsa og aust og nord for Tyin nyttast til sumararbeite, medan områda sør for desse sjøane nyttast til vinterbeiteområde.

Store delar av område som er råka av analysen er områder med inngrepsfri natur.

Den 29.11.2012 vart det satt opp ei målemast av Zephyr AS på Kvamsnøse og 1209 m.o.h (sjå sak med deira arkiv referanse: 201206424 ke/thse). Denne målinga resulterte i at selskapet trakk sin konsesjonssøknad. Grunngivinga var: «Resultatene etter målinger fram til 29.8.2013 viser at vindforholdene på nevnte lokasjon dessverre ikke er tilstrekkelige for å kunne gå vidare med planene om å opprette et vindkraftverk i nevnte område» (Brev frå Zephyr AS til NVE av 2.9.2013). I tillegg veit kommunen at det var utfordringar med både ising på målemasta og vurderingar knytt til kapasiteten på nettet i området. Det var stort engasjement, både lokalt og regionalt, mot planane om å etablere ein vindpark her, jf. igjen uttala frå Tyin-Filefjell Hytteforum.

Område 8

Øystre Slidre arbeidar med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområda sine.

Framlegg til vedtak:

Vang formannskap vil gje følgjande innspel til nasjonal ramme for vindkraft på land, Område 7 særskilt:

Kommunen er ikkje positivt innstilt til at kommunen sine areal er med i ramma for vindkraft på land. Dette fordi det ei slik etablering vil vere i strid med vår satsning på kultur- og naturbasert reiseliv og våre høgt skatta friluftslivsområde.

Forsøket med målemasta i 2012 og 2013 synte at det ikkje var stor nok vindressurs i området, og at det vart ising på masta. Ut frå dette stiller formannskapet naturleg spørsmålet om området her vil vere eigna også ut frå naturmessige forhold.

Vang formannskap vil med utgangspunkt i at nasjonal ramme for vindkraft inneheld fleire utpeikte område i Valdres vise til drøftinga i regionstyret 29.august: Formannskapet meiner at etablering av eit eller fleire anlegg for vindkraft i Valdres vil undergrave satsinga gjennom Valdres Natur- og Kulturpark.

Formannskapet 06.09.2018:

Behandling:

FS- 042/18 Vedtak:

Som framlegget med slik endring: Fyrste og siste avsnitt i framlegget utgår.

Vedteke med 3 mot 2.